

landi, so nær som Island og Grønland. For aandslivet var det ein meinstøyt at dei fleste prestar og andre embåtsmänner sette livet til i denne sotti. Ei merkeleg vanmagt, tiltakløysa og likesæla, som ogso hadde andre og djupare politiske grunnar, breidde seg ut yver folket. Det gjekk til atters med alt. Harald Haarfagre si ætt døydde ut. Me fekk kongar som styrde Norig fraa utlandet. Og dei norske *stormennerne*, som var dei einaste som i den tidi kunde ha halde uppe eit nasjonalt merke, var so faa og veike, at dei vægde i politiken for den svenske og danske adel. Desse framande storfolk var i veksande magt, og gjenom mange dører kom dei inn i Norig, og slost um kven som her skulde vera herre, til dess dansken endeleg fekk yvertaket. Nordmennerne kunde ikkje eingong halda riket saman; me miste Suderoyarne, Orknøyarne og Hjaltland.

Sume av dei største *næringsvegjerne* var i henderne paa utlendingar, som hadde yvertaket i handel og handverk i byarne; nordmannen slutta jamvel med sigling paa utlandi. — I *bokvegen* var det same armødsdomen som paa andre kantar. Der var ingi bokskrivarar. Dei skreiv berre upp det naudturvelegaste for det daglege liv: brev (rettsbrev, skøytor, testament og dilikt), rekneskapar og jordbøker, og tok avskrifter av loger. Av brevi er det elles ei heil mengd berga fraa flest-alle bygder, og dette *brevrket* syner at skrivekunsten heller ikkje i denne tidi hev vore so lite utbreidd millom folket.*)

Naar tilstandi var slike, er det sjølvsagt at dei maatte hava innverknad i maalvegen og. Men

*) At ogso folkediktningi hev livt paa folketunga, skynar me av alle dei gamle segner og visor og eventyr, som fyrst hev vorte uppskrivne i det 19de hundr.